

Øystein Sørensen (red.)

Jakten på det norske

Perspektiver på utviklingen
av en norsk nasjonal identitet på 1800-tallet

Ad Notam Gyldendal AS

© Ad Notam Gyldendal AS 1998

ISBN 82-417-0952-8

Omslagsillustrasjon: Patriotisk postkort fra slutten av 1800-tallet, tegnet av Gustav Lærum (foto: Universitetsbiblioteket i Oslo, Billedsamlingen)

Billedredaktør: Ruth Hemstad

Omslag, layout og ombrekking ved forlaget

Printed by AiT Norbok 1998

Dette er trettende bok i KULT-serien. Bøkene henter stoff fra innsatsområdet Kultur- og tradisjonsformidlende forskning (KULT) under Norges forskningsråd.

Tidligere er utkommet:

Hild Sørby: *Klar – ferdig – hus! Norske ferdighus gjennom tidene*, 1992

Olav Hindahl og Bjørn Talén: *Kunst – kultur – kunder*, 1992

Egil Børre Johnsen: *Skriften på pulsten. Artiumsstilen i Norge 1880-1993*, 1993

Olav Christensen: *Skiidrett før Sondre. Vinterveien til et nasjonalt selvbilde*, 1993

Asbjørn Klepp og Liv Emma Thorsen (red.): *Den mangfoldige fritiden*, 1993

Ragnhild Schlüter: *De reisende. En norsk minoritets historie og kultur*, 1993

Anita Werner: *Barn i fjernsynsalderen*, 1994

Gro Hagemann og Anne Krogstad (red.): *Høydeskrekks. Kvinner og offentlighet*, 1994

Arne Martin Klausen m.fl.: *Fakkelfasetten – en olympisk ouverture*, 1995

Arne Martin Klausen: *Lillehammer-OL og olympismen. Et moderne rituale og en flertydig ideologi*, 1996

Magnus Rindal (red.): *Fra hedendom til kristendom. Perspektiver på religionsskiftet i Norge*, 1996

Sverre Bagge (red.): *Det europeiske menneske. Individoppfatninger fra middelalderen til i dag*, 1998

Alle henvendelser om boken kan rettes til:

Ad Notam Gyldendal AS

Postboks 6730 St. Olavs pl.

0130 Oslo

<http://www.adnotam.no/>

e-mail: adnotam@adnotam.no

Det må ikke kopieres fra denne bok i strid med åndsverksloven eller avtaler om kopiering inngått med KOPINOR, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale kan føre til erstatningskrav og inndragning, og kan straffes med bøter eller fengsel.

Innhold

Når ble nordmenn norske?	11
AV ØYSTEIN SØRENSEN	
Hva er en nasjon?	12
Nasjonale og andre identiteter	14
1 Hegemonikamp om det norske	
<i>Elitenes nasjonsbyggingsprosjekter 1770 – 1945</i>	17
AV ØYSTEIN SØRENSEN	
14 prosjekter	21
Det åpne og det lukkede	46
I Oppfatninger om det norske før 1814	49
2 En nasjonal identitet tar form	
<i>Etniske og nasjonalkulturelle avgrensninger</i>	51
AV OLAV CHRISTENSEN	
Humanistisk patriotisme	52
Syd og Nord	55
«Kierlighed til Fædrenelandet»	58
Topografiske øvelser	60
Et lerd selskap til opplysingens fremme	61
Norsk etno-historie	62
Norsk vs. utenlandsk	65
Sluttord om 1814	70
3 Norge – et forbilde eller et utviklingsland?	
<i>Folk og land i første halvdel av 1800-tallet – sett med tyske reisendes øyne</i>	74
AV IVAR SAGMO	
Hva kan vi lære av reisebeskrivelser?	75
Norge i lys av den kulturelle forfallsteori	75
Grunnloven av 1814 – et belegg for norsk utakt?	80
Norge som utviklingsland	82
Norge i tid og rom	90

II Kulturarv og kulturkonstruksjon	93
4 Det norske «vi» – kulturnasjonalisme i Norge	95
AV ANNE-LISE SEIP	
Strid om «Ægte Norskhet»	97
Et folk med felles fortid – et meningsunivers bygges opp	99
Ett folk? Konflikter om ekte og uekte nordmenn	103
Det «ægte» norske og det «uægte» fremmede	105
Kulturnasjonalismen i møte med andre ideologier	107
Kulturnasjonalisme – tradisjon og modernisering	108
5 «Land og lynne» – norske diktere om nasjonal identitet ...	112
AV GUDLEIV BØ	
Den europeiske arven	113
Opplysningspatriotene	114
Nasjonalromantikerne	116
Ibsen og Bjørnson	120
Nasjon og region	122
6 Sagn og eventyr som nasjonalkultur	125
AV ØRNULF HODNE	
Et europeisk fedrelandsprøsjekt	125
Hva var nasjonalt?	126
Andreas Fayes <i>Norske Folke-Sagn</i>	127
Asbjørnsen og Moe: troskap mot tradisjonen	128
Det norske i folkeeventyrene våre	128
Eventyrene som mytearv	130
Moltke Moe: eventyrvandring og eventyrfordeling	132
Fanden i nøtta: et gammelt vandremotiv	134
– og et eksempel på hjemliggjøring	135
Folkeeventyrene gjenfortelles	136
Tradisjonstro fortellerkunst	137
Et norskere skriftspråk	137
Sagn og rammefortellinger	138
Folklorister som nasjonsbyggere	139
7 Bunaden – stagnasjon eller nyskapning?	141
AV ASTRID OXAAL	
Norskdom og nasjonal kultur	142
Tradisjonell og nyskapt nasjonal kultur	146
«Ho slo upp dørene til ei ny verd for oss»	151
Drakten og kulturnasjonalismen	154

8 Idretten og det norske: aktivitet som identitet	158
AV MATTI GOKSØYR	
Idrett og samfunn: speil, forstørrelsesglass eller friområde?	159
Fase 1: et situasjonsbestemt nasjonalt ferniss	161
Fase 2: «Nasjonale idrætter» med norske underlag	163
Fase 3: Opplevde fellesskap	173
III Nasjonaldag og nasjonale symboler	175
9 Nasjonaldagsfeiringen som katedral og barrikade	
– et europeisk perspektiv	177
AV ARVE T. THORSEN	
En vellykket nasjonaldag	178
...og en mislykket	179
Tre nødvendige dialoger	181
10 17. mai-feiring på slutten av 1800-tallet – en politisk valgkamp?	185
AV HILDEGUNN BJØRGEN	
Borgertoget – det unasjonale innslaget?	186
Arbeidertoget – fra teateropptreden til klassekamp	189
Venstre – det nasjonale alternativet?	192
Barnetoget – en politisk stabilisator	194
11 17. maifeiring i mellomkrigstida – to flagg, to tog, to folk?	195
AV GUNHILD AABY	
Sosialistisk fedrelandsfientlighet eller borgelig karneval?	195
Jernstreik og «nei til de røde kluter»	196
To flagg og to sløyfer	197
Et nasjonalt klassetog?	198
Det røde barnetoget	199
1924 – bare et lite blaff med det røde flagget?	202
Det norske flagget av 1821	205
AV JOHANNES H. BERG	
Det nasjonale kongedømmet	211
AV DAG T. HOELSETH	

IV Nasjonal historieskrivning	215
12 Europeisk nasjonalhistorie	217
AV MIROSLAV HROCH	
Nasjoner med opphav i gammel tid	218
Nasjonale bevegelser og retten til å eksistere	218
Historie som politisk historie	219
Egen og andres historie	220
Tenkningen om samfunnet, samtiden og historien	220
Betydningen av en egen nasjonalhistorie	222
Nasjonal og selvbevisst historieskrivning	223
Nasjonsutvikling – fire ulike typer	224
Historieskrivningens faser og typer	225
Publikum	226
13 Evig gammel	
<i>Henrik Wergeland, P. A. Munch og historiens nasjonale funksjon</i>	229
AV ODD ARVID STORSVEEN	
1800-tallets æresbehov	229
Wergeland og den meningsfulle fortelling	233
Munch og den vitenskapelige pretensjon	237
Den magiske berøring	243
14 Konfliktlinjer i historiefaget 1860–1905	248
AV ÅSMUND SVENDSEN	
Årsaken til splittelsen	249
Dansketiden – det kontroversielle forskningsfeltet	250
Sars' kulturhistoriske teze	253
De konservatives realhistoriske perspektiv	256
Historiens mening og framstillingens form	257
Tradisjonene – to versjoner av det norske	258
V Nasjonal oppdragelse	263
15 En nasjonal og moderne utdanning	265
AV DAG THORKILDSEN	
En skole for folket	267
Folkehøyskolen	269
Folkehøyskolen – fra kulturnasjonalisme til politisk nasjonalisme	277
Grundtvigianisme, studentopprør og nasjonsbygging	281

16 Ei folkeleggjering av sivilisasjonen <i>Allmugeskulelærarmøta som nasjonsbyggande fora i 1850-åra</i> ... 285	reg
AV BRIT MARIE HOVLAND	
Frå «7-års-lærar» til bygdematador 285	
Kultiveringsfasen rundt 1850 286	
To-kulturteorien som grunnideologi 288	
Geografi og ideologi 295	
Sosial posisjon som nasjonal strategi 297	
Metode, teori og empiri 298	
VI Norsk nasjonalisme: venstre mot høyre 301	
17 Ivar Aasen som opposisjonell nasjonalist 303	reg
AV ODDMUND LØKENSGARD HOEL	
Sunnmøre, Kristiania og nasjonalromantikken 304	
Aasen som anti-romantikar 307	
Aasen som opplysningsmann 308	
Aasen og den rådande nasjonalismen 310	
Einskapstanken og synet på dialektane 312	
Landsmålsnormalen 316	
Sluttord om Aasen og det nasjonale 318	
18 Nasjonalismen innanfor og til venstre for Venstre 321	reg
AV JOSTEIN NERBØVIK	
17. mai 1814: ein prolog 321	
Folketribunat og folkelege grunntankar 323	
«...vi faar begynde forfra igjen» 325	
«...centralisation er individets tilintetgjørelse» 327	
«Kann politikken hjelpe oss?» 328	
Frå anarkisme til nasjonaldemokrati 330	
Avskaling til høyre 334	
Monarki eller republikk 335	
Nasjonalisme og høgreakтивisme 335	
Linjer og samanhengar 336	
17. mai 1939: ein epilog 337	
19 Nasjon og narrasjon <i>Om Garborg som aktør i fortellinga om «det norske»</i> 339	
AV SVEINUNG TIME	
Innleiing 339	
Identitet og splitting. Garborg som «Millombrøyte» 340	

1877: «Inkongruents» og «Dobbeltnationalitet»	342	
1897: frå to-nasjon til tre-enighet?	347	
1899: mellom to kulturar	349	
Epilog	353	
20 Ut or unionane?		
<i>Den frilynte ungdomsrørsla i framvekstårene</i>	357	
AV MONA KLIPPENBERG		
Bakgrunn	358	
Folkeleg opplysning på fullnorsk grunn	359	
Ungdomslagene og målsaken	360	
Ungdomslagene og den politiske striden	362	
Ungdomslagene i Det røde Amt	366	
Ikke et typisk norsk fenomen	368	
Moderniseringsbevegelse	369	
Konklusjon	370	
21 Nasjonalisme i Høyre før 1905?		371
AV HELGE DANIELSEN		
Likestilling ved forhandling eller unionell radikalisme?	372	
Selvstendighet innen unionen eller full norsk suverenitet?	375	
Indre slitasje og «ny kurs»	377	
Kultur eller nasjonal kultur?	378	
En ikke-nasjonalistisk nasjonsoppfatning?	381	
Litteraturliste	383	
Om forfatterne	402	

Ivar Aasen som opposisjonell nasjonalist

Av Oddmund Løkensgard Hoel

Norsk nasjonsbygging og nasjonalisme på 1800-talet står gjerne fram for oss i eit harmonisk lys. Særleg gjeld det nasjonalromantikken i 1840 –, 50- og 60-åra, der me lett kan få inntrykk av at historikarar, folkeminnegranskarar, diktarar, musikarar, biletkunstnarar og språkfolk stod skulder ved skulder i arbeidet for nasjonens kulturelle ve og vel. Det som fanst av usemje og ordskifte var krusningar på ei elles roleg overflate.

Og heilt rett – det har gått fredeleg føre seg i Noreg jamfört med mange andre land. Eit slikt perspektiv kan likevel lett få oss til å oversjå at det ikkje fanst nok grunnleggjande semje om kva «det norske» og «det nasjonale» var, og at slike omgrep vart (og vert) definerte og omdefinerte i den kulturpolitiske striden. Klårast kjem dette til uttrykk på det språklege feltet, der det til no ikkje har lukkast å samla nordmennene og -kvinnene om det som mange ser som det fremste uttrykket for ein nasjon: eit samlande skriftmål. Og målstriden har ikkje berre vore ein bokstavstrid, men har teke opp i seg eit knippe av andre politiske, kulturelle, sosiale og geografiske motsetnader som har vore sentrale i norsk samfunnsliv.

Ivar Aasen er eit takksamt studieobjekt for den som er ute etter det motsetnadsfylte i det norske nasjonale prosjektet, eller rettare: prosjekta. Den rådande kulturnasjonalistiske retninga på midten av 1800-talet, nasjonalromantikken, gjorde målreisinga og arbeidet til Ivar Aasen mogleg. Samstundes definerte Aasen folkemålet *ut* av den same nasjonalromantikken og la grunnen for ein alternativ norsk nasjonalisme. Tilhøvet mellom Aasen og nasjonalromantikken var, som me skal sjå, i høgste grad tvitydig.

Sunnmøre, Kristiania og nasjonalromantikken

Ivar Aasen var bondeson frå Ørsta på Sunnmøre og fødd i 1813, som attpåklaft og den yngste i ein syskenflokk på åtte. Bortsett frå at han vart morlaus som treåring og farlaus som 13-åring, leid han inga naud. Han vaks opp på eit vanleg vestlandsk småbruk som gav ei grei inkomme, og den leselystne og gløgge guten gjorde raskt lokal karriere som omgangsskulelærar, huslærar og bygdepoet. Både arbeidssituasjonen og tilgangen til tre gode bibliotek på Sunnmøre gjorde med åra at han fekk eit godt høve til å dyrka dei intellektuelle interessene og evnene sine. Språkinteressa fekk han til å laga ein grammatikk over sitt eige talemål, sunnmørsmålet.

I 1841 tok den 29-årige Aasen med grammatikken og ei plantesamling til biskop Jacob Neumann i Bergen i eit forsøk på å koma seg vekk frå ein huslærarjobb han var lut lei. Det gjekk bra – Neumann fekk Vitskapsselskapet i Trondheim til å engasjera Aasen for å granska dei norske dialektane. Etter å ha reist land og strand rundt på granskingsferd i åra 1842–46, gav han ut dei banebrytande verka *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) og *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850) – dei første verkeleg vitskaplege framstillingane av norsk talemål. Dermed var det offentlege gjennombrotet og inntekta sikra.

I 1847 slo Aasen seg ned i Kristiania, og frå 1851 og livet ut var han statsfinansiert språkforskar. Han fekk fleire tilbod om å bli professor ved Universitetet, men avslo og heldt på det frie tilveret som forskar. No kunne han for alvor ta fatt på det meir private prosjektet som han hadde emna på sidan 1830-åra – reisinga av eit nytt norsk skriftmål. I løpet av dei neste 20 åra forma han ut landsmålsnormalen, gav ut nye utgåver av grammatikken og ordboka, og grunnla den første litteraturen på landsmål. Han fekk oppleva at språket han skapte fekk offisiell status som jamstilt riksmål i 1885 og vart teke i bruk i folkeskulen frå 1890, rett nok utan at det gjorde noko stort inntrykk på han.

Utan nasjonalromantikken hadde Ivar Aasen neppe vorte språkforskar. Han var rett mann til rett tid. Innsamlinga av folkeminne i 1830-åra, og særleg ei folkevisesamling Jørgen Moe gav ut i 1840, gjorde at den kulturinteresserte eliten verkeleg fekk augo opp for kva ein kunne finna i folkedjupet. Innsamlinga av språkleg tradisjonsstoff på bygdene og granskinga av mellomalderhistoria og norrønt språk var i full gang. Det som no mangla, var ei kartlegging av norsk talemål etter nye språkvitskaplege prinsipp. Arbeidet skulle serleg tena tre føremål: Ein ville få fram for all verda at det gamle og internasjonalt høgt vurderte norrøne målet framleis fanst som talemål mellom dei norske fjella,



Ivar Aasen (1813-1896) hadde frå 1847 den faste bustaden sin i Kristiania, frå 1851 som statsstipendiat. Det finst få teikningar og fotografier av han, og han er godt opp i åra på dei fleste. Dette er teke i 1884 av Carl. C. Wischmann. (Universitetsbiblioteket i Oslo, Billedsamlingen).

Sleit, m. **Slit;** noget som man gver
noget at slisse paa.

Sleikja, v. a. (fje - ske), slisse. **G. N.** slei-
kja. Ogsaa astorre eller sryge med
tingrene. (**B.** Stift). Heraf **Sleif-**
fing, f. **Sliffen.**

Sleikjarpott, m. et Navn paa Pege-
fingeren. **U**ldeels i **B.** og **Tr.** **Ettii.**

Sleikjen, adj. 1) **slikvuren.** 2) **sødtalende,**

Faksimile frå Aasens Ordbog over det norske Folkesprog (1850), som sammen med Det norske Folkesprogs Grammatik (1848) gav Aasen det store gjennombroret som forskar. Eit halvt hundreår etter presenterte Bjørnstjerne Bjørnson det som eit skræmbeilete at ibuarane i hovudstaden kunne koma til å seia "sleike for slikke" på grunn av den store tilflyttinga til byen (sjå artikkelen til Sveinung Time i denne boka).

folkeminnegranskaranane trong ein betre språkleg reiskap til innsamlingssarbeidet, og dei mest språkpolitisk dristige meinte ei slik gransking ville tena oppnorskinga av dansken.

Aasen oppfylte alle forventingane i fullt mon. I grammatikken og ordboka frå 1848/50 prova han både at det fanst eit norsk mål og at vegn frå norrønt til moderne målføre var klår, rettlinia og stuttare enn ein trudde. Han synte òg at det var ein stor indre samanheng mellom målføra og at ein kunne finna det som etter mælestaven i samtidia var godt norsk mål i eit mykje større område enn oppdragsgjevarane og dei språkkunnige trudde.

Aasen var ikkje mindre heldig med tidspunktet for utgjevingane av grammatikken og ordboka enn han hadde vore med Bergens-turen i 1841. I 1848–49 nådde nasjonalromantikken eit høgdepunkt i hovudstaden med kunstutstillingar, konserter med Myllarguten og Ole Bull, og det store tablået med «Brudefærden» i Hardanger og tilhøyrande herlegheter i Gamle Logen. Den gleda det byborgarlege publikumet viste overfor den velfriserte utgåva av bondekulturen vart òg Aasen til del. Då *Det norske Folkesprogs Grammatik* kom i 1848, meinte *Morgenbladet* (24.4.1848) at boka var «noget af det Ypperste, den norske Presse har frembragt». Aasen vart utropa til ein like stor språkforskar som Rasmus Rask og Jacob Grimm for den måten han hadde «godtgjort, at Norrlønasproget endnu lever kraftigen i vore Fjelddale som Norges

rette Odel og Eiendom». Meldaren gjorde framlegg om at Aasen vart tilsett «som konservator for vort Sprog, omtrent saaledes, som Worsaae i Danmark er bleven ansat som Inspektør for Oldmonumenter i hele Riget». Det var viktig både for å kunna utnytta «den rige Skat af Materialer til Nationalaandens Vækelse og Uddannelse, samt overhoved til Folkeoplysningens Befordring». Det siste ynsket vart som nemnt raskt oppfylt.

Utetter 1850-åra hadde Aasen god nytte av institusjonane som den liberale og sterkt nasjonalromantisk inspirerte delen av eliten i hovudstaden stod bak. Aasen var ein aktiv støttespelar for Selskabet til Folkeoplysningens Fremme (skipa 1851) og medlem av representantskapet. Han var språkrettar for fleire av skriftene selskapet gav ut og skreiv ei rad artiklar i bladet deira, *Folkevennen* (kom ut frå 1852). Han støtta òg opp om Den norske dramatiske Skoles Theater, som vart skipa i opposisjon til det danske språklege og veletablerte Christiania Theater i 1852. Det første nynorske skodespelet, *Ervingen* (1855), skreiv han til dette teatret. Både det norske teatret og folkeopplysningsføretak var filantropiske opplysningsføretak som skulle spreia sunn og nasjonal daning i breie lag av folket slik at ein unngjekk nye opprør av den typen Marcus Thrane hadde stått bak i åra 1849–51. Det var òg i desse institusjonane ein fann kjernetroppane for nasjonalromantikken.

Aasen som anti-romantikar

Aasen profitterte både politisk og økonomisk på nasjonalromantikken, men var sjølv ikkje like oppteken av nasjonalånda som meldaren i *Morgenbladet* i 1848.

Ein ven av Aasen, grundtvigianaren og skulemannen Ole Vig, kom inn på dette i eit brev i 1852:

«Han er meget livfuld og morsom at tale med, men Aand, havde jeg nær sagt, er det ikke i ham; han er nu en Rationalist baade i religiøs og andre Rætninger; hverken i Værden, Menneskeslægten eller Historien ser han noget ægte Aandig. Alt forklarer han af «Tilfælde» og ydre «Omstændigheder»» (Vig i Høverstad 1953, s. 371)

Ein finn mest ikkje omgrep som folkeånd og språkånd i skriftene til Aasen, og i det kulturkritiske essayet «Om Dannelsen og Norskheten» frå 1857 kommenterte han ideen om ein «National-Charakteer» i meiningsa «indvortes Ætte-Lag eller Folkets særegne Sindelag og Tilbøielighet». Noko slikt var «en meget vanskelig Ting at faae Tag paa», meinte Aasen.

Det same ser me når Aasen skal definera ordet 'nasjon'. «Kvat er no ein Nation?», spurde han i «Minningar fraa Maalstriden» frå 1859, og han svarer med ordboksmannens skarpe sans for definisjonar:

«Ordet kjem av Latinen og tyder eigenlega eit Føde, ei Ått elder Slægt, og dernæst ei Landsætt (elder Tjod), eit stort Folkaslag av same Uppkoma og soleides nokorlunda med same Hug og Seder, med sama Maal og same Minne. Naar no slikt eit Folkaslag kan bu i eit Land fyre seg sjølv og skipa eit Rike, soleides som vaart Folk, so er det ein Landslyd. (Lyd er Familie.)» (Aasen 1911-12 III, s. 151–152)

Definisjonen til Aasen liknar mykje på den me finn i moderne forskingslitteratur om nasjonalisme. Han legg vekt på det sams historiske opphavet, og her er lite folkeånd og biologi. «Same Hug» må lesast som sams «tenkjemåte», og definisjonen har eit klårt subjektivt innslag ved at Aasen legg vekt på «same Minne».

For den som leitar, er det ikkje vanskeleg å finna spor av romantisk språkbruk og tankegods i skriftene til Aasen. Sett i lys av samtidia er det likevel skepsisen til den romantiske idéverda som fell i augo. Her møter me eit syn som seier at nasjonane og kulturane ikkje er definerte av Gud, men er sosiale produkt som er vortne til gjennom samhandling mellom folk.

Aasen som opplysningsmann

Idéhistorisk er det meir som talar for å sjå Aasen i samanheng med rasjonalismen og opplysningstida på 1700-talet. Arne Apelseth er den Aasen-granskaren som dei siste åra har ivra sterkest for å venda blikket bort frå nasjonalromantikken og mot opplysningstida og naturrettstengkinga, noko han etter mitt syn argumenterer overtydande for (sjá særleg Apelseth 1991 og 1996). Han har drege fram i lyset den sterke lokale opplysningstradisjonen på Sunnmøre som han gjev 1700-talspresten Hans Strøm mykje av æra for. Ein av dei som førde tradisjonen vidare, bondelensmannen Sivert Aarfot på garden Ekset i Volda, skipa kring 1800 den første avis, det første prenteverket og den første ålmugeboksamlinga på landsbygda i Noreg, attåt ei rad andre opplysningsføretak. I dette miljøet fanst det mykje kunnskap om norsk språk, og det er såleis ikkje så mystisk som ein del har vilja hatt det til at ein av Noregs fremste språkgranskurar kom frå Sunnmøre. Han vaks opp tre knappe kilometer frå Ekset, hadde bestekameraten sin på garden og var fast gjest i boksamlinga.

I 1836 skreiv 22-åringen Aasen det vesle stykket *Om vort Skriftsprog*, der han la fram planen for reisinga av eit nytt norsk skriftmål. Der er det ikkje vanskeleg å sjå den romantiske retorikken, men det berande i argumentasjonen er folkesuverenitetsprinsippet og opplysningstanken overført på det språkpolitiske feltet. Utgangspunktet for Aasen er 1814-grunnlova: «Vi ønske os just et Folkesprog, et som enhver Landsmand uden Møie kan tage Deel i; vor Statsforfatning berettiger os til dette ønske.» (Aasen 1911–12 III, s. 10)

Viktigare enn at Aasen var skeptisk til det filosofiske innhaldet i romantikken, var motviljen hans mot det sosiale innhaldet i den konkrete kulturpolitikken som hovudretninga i nasjonalromantikken vart knytt til. Alt i *Om vort Skriftsprog* tek han folkemålet i forsvar mot den nedrakkinga det vart utsett for. Med P. A. Munch som implisitt mottakar skriv han i framhaldet av det førre sitatet at «hvorfor skulde vi være saa ængstelige for disse saakalde Platheder? De ere det ikke; de ere Norskheder».

Interessa for sundagskledde bønder og foredla folkekultur i byborgarskapet og embetsstanden førde ikkje med seg ei grunnleggjande endring i synet på kvardagskledde bønder og folkekulturen i meir ube-høvla utgåver. Den sosiale og politiske uroa i 1848–51 gjorde tvert om at skepsisen til ålmugen og folkelege uttrykksformer vart større. Alt Aasen skreiv om språk- og kulturpolitikk frå 1836 til han døydde har ein skarp brodd mot nedvurderinga, ikkje berre av folkemålet, men av bondekulturen og bygdelivet i det heile, og det gjennomhsyrer diktinga hans, som i «Etterstev» i diktsamlinga *Symra* (2. utg. 1867). Tre av strofene lyder slik (Aasen 1911–12 I, s. 49):

«Ein fær no høyra so manga Grillor.
Dei døma folk etter Klædefillor.
Er Kufta gamall, og Kroppen graa,
so skal ein vandt nokon Vyrdnad faa.

Kvat Raad skal Guten der heime hava?
Dei vil, han skal ned i Moldi grava
og endaa vera so blank og fin,
at Skinnnet glansar og Kragan skin.

Skal alle ganga med kvita Hender,
so kjem det Armod i manga Grender.
Skal Guten grava og stræva hardt,
so verder Neven vel hard og svart.»

Meir prosaisk sa Aasen det slik i stykket *Om en Sprogreform*, som han skreiv i 1851, men aldri sette på prent:

«Det er latterligt at høre den megen Tale om Nationalitet, om den ægte gamle Malm i Sproget, om de herlige Levninger fra vore berømte Forfædre, medens man dog seer saa lidet der minder om disse Fædre. Landet seer jo ud som ganske omskabt. En ny Slægt hersker i Byerne, i Kirker og Skoler, i Embeder og Ombud, Een [!] Slægt som ikke forstaaer og ikke gider læse et Ord af det gamle Sprog og ikke vil kjendes ved det saakaldte Folk undtagen som dens egne Tjenere og Kreaturer. Man peger paa de gamle Fjeldmandsdragter som et fabelagtigt Kram, man hermer efter Fjeldmaalet som efter et hinduisk eller malebarisk Sprog, hvilket man ikke kan udtale, ikke læse og endnu mindre skrive. Folket selv betragtes som en underlig Stamme af Vilde; man finder deres Manerer afskyelige, deres Udseende motbydeligt, deres Navne barbariske. Man lider godt slige Navne som Fischer, Meltzer, Schreiner men ikke Fiskar, Maltar, Skrinar.» (Aasen 1957–60 II, s. 289)

Attåt forsvarsarbeidet for bondekulturen gjekk Aasen òg meir offensivt ut, ikkje først og fremst mot den byborgarlege kulturen i seg sjølv, men mot dei overdrivne og jålute utslaga av han. Han drog eit skarpt skilje mellom indre og ytre daning og såg berre den indre daninga som ekte og verdfull. Indre daning var, skreiv Aasen i «Om Dannelsen og Norsk-heden» (1857),

«en Forfremmelse og Forbedring i Sjælens Evner; den er altsaa en indvortes Fuldkommenhed, som meget vel kan forliges med de Skikke, som tilhøre ethvert Folk for sig selv, og som forstandige Folk baade have brugt og kunne bruge uden nogen Uleilighed.» (Aasen 1911–12 III, s. 73)

Men dverre forveksla folk ofte den indre daninga med den ytre. Dei som ikkje hadde nådd opp til «nogen rigtig Dannelse», tok gjerne etter skikkane i overklassen, og «Paa denne Maade bliver Dannelsen intet andet end Fornemhed», som var noko av det verste Aasen visste. Friskast er kritikken i breva og reiseskildringane som vart prenta etter at han døydde. Ein lapp med overskrifta «Minder fra Jarlsberg» frå 1858, innehold kultur- og daningssynet hans i svært koncentrert form:

«Malede Gulve. Sofaer og Gyngestole i Stuen. Gardiner for vinduer og Senge. Myrte, Kaktus og fl. Blomster i vinduerne. Et Fortepiano ved Væggen. – Alligevel ingen Dannelse.» (Aasen 1957–60 III, s. 407)

Aasen og den rådande nasjonalismen

Ut frå det som er skrive til no, er det vel inga overrasking at Aasen var skeptisk og avvisande til dei meir sjølv gode og sjåvinistiske utslaga av norsk 1800-talsnasjonalisme. I 1852 skreiv han ei melding av *Folkevennen*, som nettopp hadde byrja å koma ut, og her gjekk han inn på kva

han såg som sunn og god folkeopplysning. Det han *ikkje* ville ha noko av, var det han lakonisk kalla soger om «Krigsbedrifter og store glimrende Foretagender i Historien». I staden ville han ha opplysningar om seder, tenkjemåtar og «den selskabelige Tilstand» mellom vanlege folk i gamle dagar (Aasen 1911–12 III, s. 35).

Aasen streka gong etter gong under at det var nordmennene sjølve og ikkje danskane som hadde skulda for at det gamle skriftmålet i Noreg gjekk under. Det kjem tydeleg fram i fortala til *Norsk Grammatik* (1864), og på dette punktet gjekk han òg fleire gonger offentleg ut mot andre målfolk som skreiv stygt om danskane, m.a. mot Trondheims-målmannen Eirik Sommer. Sommer skreiv i 1859 at danskane «strævde med Spott og Trugsla i 400 Aar aa nøyda Nordmennene til aa taka fulle med det danske Maalet», og Aasen fann det naudsynt å hengja på ein hale til artikkelen der han slo fast at «det er Nordmennene sjølve, som ein her maa skulda paa; det er deira eigi Skuld, at Maalet deira kom i Vanvyrding» (*Dølen* 12. og 19.6.1859).

Aasen var på vakt mot danskehets frå målfolk, og det vesle han skriv om meir fjerntbuande folkeslag peikar i same lei. I *Heimsyn* (1875) skriv han om koloniseringa av Amerika:

«Det nyfundne Landet Amerika var ikkje nokot audt elder ubygt Land; tvertimot var der buande Folk baade i Nord og Sud, og i Midbolken var der endaa megtuge Rike, som Mexiko og det gullrike Peru-Landet, og der var eit djervt og duglegt Folk, som var vidt komet i ymis Kunst og Hagleike. Europa-Mennene hadde ingen Rett til aa taka nokot Land fraa deim elder gjera deim nokot Forfang; men til Uheppa skøyte dei ikkje stort um nokon Rett; dei vilde hava Landet og vyrde litet um Folket; for dei hadde Krut og Kuler, som dei innfødde ikkje kjende nokot til.» (Aasen 1911–12 II, s. 296)

Nokre av dei kvassaste opposisjonelle skriftene til Aasen vart karakteristisk nok skrivne i samband med to store nasjonale jubileum – 50-års-markeringa for Grunnlova i 1864 og 1000-årsfesten for rikssamlinga i 1872. Det må leggjast til at Aasen ikkje sette nokre av dei på prent medan han levde. Mest kjend er «Talar fyre tome Stolar» som han byrja på 17. mai 1864. «Det er rett nog, at Rikslogi gav eit serlege godt Grunnlag til Fridom,» skriv Aasen, men med den haldninga som ein fann til den gamle kulturen i landet, såg han ingen grunn til å feira:

«Og naar det no paa alla Sidor var høyrande til, at all vaar Fedrased var dømd som Svinaferd og Villmannskap; daa det saag ut som um Landet var nyst innteket av framande Valdsmenner, som aldri kunde samtrivast med Landsens Folk, fyrr en dei fingo tukta det upp i sine eigne Seder og sitt eget Maal, so var det inkje undrast paa, um me tykte, at detta var ein underleg Fridom, som no var komen. Det var daa rimelegt nog, at me inkje

lenger hadde so stor Hug til at syngja um sjauttande Mai elder høyra paa Talarne um Landsens Fridom og Sjølvstøda.» (Aasen 1911–12 II, s. 199–200)

Det var ei ulukke for landet at den språklege og kulturelle avstanden mellom eliten og ålmugen var så stor, og skulle folkestyret bli reelt, måtte denne avstanden bli mindre.

Det var i og for seg velkjend tankegods i 1850- og 1860-åra og det var ein slik tanke som låg bak heile folkeopplysningsoffensiven etter 1850. Den store skilnaden låg i at folkeopplysning og demokratisering for Aasen ikkje ville seia å spreia det danske skriftmålet og daningside-alet i eliten til fleire, men å leggja folkekulturen og folkemålet til grunn for eit nytt skriftmål og eit alternativt daningsideal som eliten òg måtte finna seg i å tileigna seg.

Aasen var svært kritisk til innhaldet i og utslaga av den dominerande norske nasjonalismen på 1800-talet, og ut frå det som er sitert ovanfor, må ein spørja seg om Aasen i det heile hadde godhug for det nasjonale og iallfall om han kan kallast nasjonalist. Men det er nettopp her ein finn skilnaden på Aasen og ein radikalar som Marcus Thrane – Aasen vende aldri ryggen til det nasjonale. Han forma tvert om ut eit alternativt nasjonsbyggingsprogram der den språklege og kulturelle motsetnaden mellom ålmuge og elite vart vove tett saman med den nasjonale motsetnaden mellom dansk og norsk. Og så vanskeleg er det å skilja at det framleis vert diskutert om målreisingsprogrammet til Aasen i botn *eigenleg* var «sosialt» eller «nasjonalt».

Einskapstanken og synet på dialektane

Skal ein prøva seg på å formulera ein kjernetanke, eit grunnleggjande teoretisk utgangspunkt i det språkvitskaplege og språkpolitiske arbeidet til Aasen, må det vera det Stephen Walton (1996) har kalla einskapstanken, og som kjem tydeleg til uttrykk både i *Om vort Skrifstprog* og i fortala til *Norsk Grammatik*. Dei norske dialektane utgjorde til saman eit sjølvstendig språk med rot i gamalnorsk og kunne ikkje reknaust som underarter av dansk eller svensk slik sume gjorde. Skriftmålet var derimot dansk.

Dette var kontroversielle påstandar i Noreg på 1800-talet. Offisiell norsk språkpolitikk sidan 1814 hadde gått ut på at skriftmålet var «norsk». Det vart grunngjeve med at nordmennene hadde teke del i formainga av det sams skriftmålet og at det hadde lang tradisjon i landet og difor hadde vorte ‘norsk’ om det ikkje var det i utgangspunktet. Eit tredje argument var at dette språket vart nytta av den mest «nasjonale» klassen – embetsstanden – nasjonal her i tydinga «landsfemnande». Ut

frå dette synet stod dei norske dialektane i same tilhøve til skriftmålet som dei danske dialektane, og ein støyter ofte på omgrepssbruken «den norske dialekt» og «den danske dialekt».

Var einskapstanken og den nasjonale motsetnaden i språkspørsmålet noko Aasen fann på og la vekt på for å legitimera det nye skriftmålet? Kjeldene tyder ikkje på det. Me kan trygt slå fast at einskapstanken ikkje var eit 1800-talspåfunn, sjølv om det fyrst og fremst var Aasen som underbygde teorien vitskapleg. Tanken står sentralt i det viktigaste verket om norske dialektar før Aasen, *Norsk Ordsamling* (1802) av Laurents Hallager. Aasen har mest sannsynleg plukka opp tanken frå denne boka, som han las tidleg. Hallager bygde ordsamlinga si på ei rad lokale ordlister som vart laga av embetsmenn i andre halvdelen av 1700-talet, og det er tydeleg at språkinteresserte nordmenn både på 1600- og 1700-talet rekna «norsk» som eit eige språk og såg samanhengen mellom det gamalnorske skriftmålet og moderne dialektar. Det er denne førestillinga som så tydeleg kjem til uttrykk i *Om vort Skriftspråg*. Slik er Aasen eit godt døme på tesen til A. D. Smith om at nasjonalisten byggjer på før-nasjonale (etniske) førestillingar og parar dei med moderne teoriar. Då er det faktisk meir hald i å rekna tanken om at det danske skriftmålet var norsk som ein 1800-talskonstruksjon som for alvor fekk gjennomslag etter 1814 då språksituasjonen måtte legitimeraast.

Her må det òg nemnast at dei leiande språkforskarane var i utakt med det dominerande synet innanfor embetsstanden midt på 1800-talet. Ein av P. A. Munchs store kjephestar var at skriftmålet var dansk, ikkje norsk, og i dei språkkunnige krinsane fanst det ein klår idé om at det norske målet framleis fanst. Problemet var berre å slå fast meir nøyaktig ut frå moderne vitskaplege metodar kvar det fanst og kor mykje det hadde endra seg sidan norrønt.

Her er det svært interessant å fylgja Aasen. I 1842 overtok han det dominerande synet som gjekk på at ein måtte til det indre av Vestlandet og kanskje til fjellbygdene austanfjells for å finna restane av norsk mål, og han fekk opphavleg stipend berre for å reisa på Vestlandet. Etter at han bad om det sjølv, vart stipendet hans utvida, og han fekk gradvis augo opp for målføra i andre deler av landet. Det fyrste han gjorde etter å ha fått statsstipend i 1851 og vorte fridd frå det nøyne definerte forskingsoppdraget for Vitskapsselskapet, var å dra til Nordland og Troms på granskingsferd. To år seinare drog han til Østfold, og i åra som fylgde, vitja han Solør, Hedmark, Østerdalen, Vestfold og Agder, attåt ein del turar til Vestlandet og fjellbygdene for å komplettera og kontrollera tidlegare samlinger. Alt i alt var Aasen innom godt over halvparten av dagens kommunar og alle fylke unntake Finnmark. Denne interessa for heile landet gjer at



Knud Knudsen (1812-1895) var motstandar av målreisingsarbeidet til Ivar Aasen og arbeidde i staden for å gje det danske skriftmålet ei norskare farge med utgangspunkt i det dansk-norske blandingsspråket i overklassen. Knudsens Haandbog i dansk-norsk Sproglære (1856) var den første store grammatikken som rekna dansk-norsk som eit eige språk. Teikninga er frå same år og er laga av J. N. Prahm. (Universitetsbiblioteket i Oslo, Billedsamlingen.)

Aasen skil seg mykje frå folkeminnesamarane i samtida, som ein stort sett finn på ruta Kristiania–Telemark–Setesdalen.

Kvar Aasen var, er ein ting. Men fekk det språklege fylgjer? Det er jo ikkje ei reint lite utbreidd oppfatning at landsmålet var (og er) eit vestlandsmål, og at Aasen berre bygde skriftmålet på målføra på Vestlandet.

Me ser heilt tydeleg at *vurderingane* hans av målføra utanfor fjord- og fjell-Noreg endra seg. Reiseskildringane frå 1842–46 er rike på negative karakteristikkar av dialektane. Her melder han om danske drag og «fornemhed» i store mengder i målføra, t.d. i Feda på Agder: «Her fandtes imidlertid lidet for mig at udrette, da Sproget her er næsten et Bysprog, hvorimod det egentlige Bondesprog kun findes i de afsides liggende Dale, hvor det dog ogsaa synes at være i Forfald.» (Aasen 1957–60 III, s. 105) Målføra på flatlandet austanfjells får stort sett merkelappen «Uægte» (Walton 1996, s. 343).

Dette synet tok Aasen faktisk eit prinsipielt oppgjer med alt i 1847, etter han var ferdig med manuskriptet til *Det norske Folkesprogs Grammatik*. I oktober det året skreiv han til oppdragsgjevaren Frederik Moltke Bugge i Trondheim, og då sa han seg lei for at han hadde teke for lite omsyn til

«at der trods al Modernisering dog overalt viser sig en national Grund, saa at selv de mest moderne Dialekter ere ikke danske, skjønt de i Formerne ofte nærme sig Dansk. At jeg har tildeels glemt disse Omstændigheder og saaledes dømt noget uretfærdigt, er en slem Feil, som jeg beredvillig erkjender og naturligviis vil rette.» (Aasen 1957–60 I, s. 142)

Reiseverksemda hans etter 1850 vitnar klårt om at han tok sjølvkritten til fylgje, og seinare blir det lengre og lengre mellom negative karakteristikkar av målføre. Det kjem nok ikkje minst av at Aasen etter kvart skjøna meir og meir av systemet i dialektane utanfor Vestlandet, som var dei han kjende først og best. Haldninga til trøndermålet er eit godt døme. I 1840-åra hadde Aasen lite til overs for trøndsk. I 1846 skreiv han:

«Med Hensyn til Formerne maae de nordenfjeldske Sprogarter regnes til de slettere eller mere forvanskede; de havde nemlig saa mange Egenheder og Afvigelser fra det Almindelige [...] Fornemmelig er Vokalsystemet forstyrret ved en Mængde Lydforandringer, saa at en stor Deel af de almindelige Ord blive derved næsten ukjendelige.» (Aasen 1957–60 I, s. 133–134)

Seinare skjøna han systemet i trøndermåla med jamvekt og mykje jamning betre, og utetter 1850-åra vart han meir positiv til desse målføra. Helgelandsmålet tykte Aasen forresten godt om alt i 1840-åra, for der fann han eit system som likna meir på det han kjende frå før

enn trøndsk. Martin Skjekkeland har i ein nyare artikkel synt korleis Aasens syn på dialektane på Agder endra seg på same måten (Skjekkeland 1997). Dei einaste dialektane som fall heilt utanfor granskingane til Aasen, var målet i Finnmark (som nemt) og bymåla.

Landsmålsnormalen

Det overordna målet for Aasen når han skulle setja opp landsmålsnormalen, var å laga eit skriftmål som representerte grunndraga i norsk mål, var lett og oversynleg å læra, og dessutan hadde den naudsynte vyrdelege damen som folk var vane med frå andre skriftmål som dansk og svensk. Det prinsipielle utgangspunktet hans var at landsmålet skulle byggja på alle dialektar, ikkje berre på ei eller nokre få. Som han sa det i 1836:

«Det er ikke min Hensigt hermed at fremhæve nogen enkelt af vore Dialekter; nei, ingen saadan bør være Hovedsprog, men dette skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle.» (Aasen 1911–12 III, s. 10)

Slik gjorde Aasen det mykje vanskelegare for seg sjølv enn om han hadde fylgt P. A. Munchs idé frå 1832 om å byggja på ein dialekt og jamføra med norrønt. Og ikkje minst har han gjort det vanskeleg for alle som seinare har freista skjøna og forklara korleis Aasen vog ei rad ulike og dels motstridande prinsipp mot kvarandre då han sette opp normalen. Eg skal nøya meg med å nemna dei sentrale prinsippa:

1. Normalen skulle byggja på *levande* talemål. Norrøne kategoriar som ein ikkje fann i talemålet, skulle difor ikkje vera med, som kasus og personbøyning av verb.
2. Alle fonologiske og morfologiske distinksjonar i norrønt som framleis fanst i ein eller fleire dialektar, skulle vera representerete i normalmålet. Når talemålet i delar av landet t.d. skilde mellom svake og sterke hokjønnsord («ei skaal – skaali», men «ei visa – visa»), måtte dette koma til uttrykk i skriftnormalen.
3. Skriftmålet skulle byggja på *det underliggende* fonologiske og morfologiske systemet som målføra hadde sams. Aasen avviste difor eit ortofont prinsipp som la vekt på eit strengt fonetisk samsvar mellom tale og skrift, noko som ville vore umogleg med den store dialektvariasjonen. Aasen skreiv difor 'barn' sjølv om målføra hadde /badn, ba:n, bå:n, bånnj, barn/, og 'hovud' der målføra hadde /hau, hove, hovu, huvu, huggu/. Skriftformene var her dei mest samlande, og der Aasen var i tvil, såg han på den norrøne forma, som her var 'barn' og 'hūfuð'. Dette prinsippet gjorde at landsmålet, som dansk,



inneholdt mange ‘stumme’ konsonantar, men til skilnad frå dansk var dei konsekvent gjennomførde.

4. Samanhengen mellom nærskyldde ord skulle koma fram (av Indrebø (1951) kalla ‘samanhengslovi’). Hette det ‘kald’ og ‘hug’, skulle ein skriva ‘kaldt’ og ‘hugsa’ sjølv om uttala var ‘kalt’ og ‘huksa’.
5. Kvar bøyingskategori skulle ha sitt merke. t-en var såleis eit merke på inkjekjønn, som i ‘huset, har funnet, opet, øyrat, augat, kropet, nokot, annat’. r-en var sameleis eit merke på fleirtal av substantiv: ‘armar – armarne, skaaler – skaalerna, visor – visorna’. Torp/Vikør (1993) kallar dette for prinsippet om morfologisk eintydigheit.
6. Landsmålet skulle berre skilja seg frå grannemåla på dei felta der andre omsyn gjorde det naudsynt. Det galdt mellom anna ein del grafiske og ortografiske konvensjonar som folk kjende frå dansk (og svensk). Aasen nytta såleis det danske alfabetet utan å føra inn nye teikn, og han fylgde danske ortografiske prinsipp der det ikkje var gode grunnar for å la vera. Til dømes fylgde Aasen dansk i fordelinga av ‘gj-/kj’ og ‘g-/k-’ i framlyd (utan ‘j’ framfor høge vokalar og diftongar, som i ‘geit, gifta, køyra’, men med ‘j’ framfor låge vokalar, som i ‘kjenna, gjorde, kjære’).

Ut or dette mylderet av kryssande omsyn og prinsipp stod landsmålsnormalen fram, og i det endelige resultatet er det umogleg å heimfesta landsmålet til eit særskilt målføreområde. Prinsippa til Aasen favoriserte dei målføra som hadde halde best på bøyingssystemet frå norrønt, det vil seia nokre av målføra på indre Vestlandet, i fjellbygdene austanfjells og i delar av Nord-Noreg. Likevel peikar ikkje dei sentrale språkdraga i ei eintydig geografisk retning. Kjerneområdet for a-infinitiven er Vestlandet frå Sogn og sørover, medan ståande -r i fleirtal av substantiv er eit meir typisk Austlands-fenomen. Harde konsonantar ‘p, t, k’ finst i heile landet unntake Sørlandet, medan diftongane manglar i Østfold, Hedmark og deler av Trøndelag. Nokre typiske drag frå Sør-Austlandet, som ‘v-’ for norr. ‘hv-’ (lm. ‘kv-’), presens utan i-omlyd og pers.pron. ‘je’ var ikkje med.

Aasen sjølv la stor vekt på at landsmålet skulle vera ei fast riksnorm og at ingen skulle kunna ta med seg sitt eige målføre heilt og fullt inn i landsmålet:

«Nu findes her rigtignok enkelte Dialekter, som have store Fortrin i mange Punkter (saasom Hardangersk og Sognsk); men selv disse have dog en eller anden Mangel, som kunde udfyldes efter en anden Dialekt, og i enkelte Tilfælde synes ogsaa en Udfyldning efter det gamle Sprog at være nødvendig.» (Aasen 1864, § 377)

Sluttord om Aasen og det nasjonale

Landsmålet var det mest konkrete utslaget av Aasens verksemd som nasjonalist. Han ville skapa eit fullnorsk skriftmål som kunne avløysa det rådande danske, og han bygde det nye skriftmålet på det talemålet han såg som det verkeleg norske – dialektane. Den historiske dimensjonen står sentralt i nasjonalitetssynet hans, og det norrøne målet er eit fastpunkt for å avgjera kva som er norsk og unorsk og dermed godt og dårlig i dialektane. Nokon romantikar var han likevel ikkje, og nasjonalitetssynet hans er moderne på den måten at han avviser meir psykologisk orienterte omgrep som «folkeånd» og «folkesel» og reknar nasjonar som historiske produkt, forma av menneske.

Samstundes var Aasen oppteken av å laga eit skriftmål som òg var nasjonalt i tydinga «landsfemnande». Den som granskar Aasen-normalen, vil truleg finna ei viss, men ikkje stor geografisk slagside. Det vil likevel vera heilt gale å seia at Aasen bygde landsmålet på vestlands-dialektane, slik det er vanleg å høyra. Ut frå samtidia er det viktigare at Aasen utfordra den rådande førestillinga om at vestlandsfjordane og fjellbonden representerte «det norske». I eit av Aasens mest kjende dikt får me høyra at «Nordmannen» oppheldt seg mellom bakkar og berg *utmed havet*, han såg ut på dei steinute strender, og han ville leggja ut på det ruskute havet. Det ville ingen av sundagsbøndene til nasjonalromantikarane i Kristiania.

Aasen avviste ikkje nasjonalismen, men omdefinerte han og brukte han som våpen mot dei som rakka ned på landsmålet, dialektane og folkekulturen. For Aasen representerer ålmugen det norske, medan eliten var unasjonal og eit framandelement i nasjonalkulturen. Mellom linene ekskluderer han dei frå nasjonen, og det gjer han jamvel i linene i dei uprenta tekstene frå 1864. Der møter me den såkalla to-nasjonslæra – teorien om at det fanst to nasjonar i Noreg, ein norsk og ein dansk-norsk – som Arne Garborg vanlegvis har fått æra for: «Her er meir en berre ein Tjodsed [nasjonalitet] i Landet; snarast er det two og dertil ymse Millomslag.» (Aasen 1957-60 II, s. 300)

Det vanlege skiljet i nasjonalismeteorien mellom ein statsborgarleg («fransk; vestleg») og etnisk («tysk; austleg») nasjonalismetradisjon er ikkje så mykje til hjelp når me skal freista fanga opp hovudlinene i Aasens nasjonalisme. Det romantiske tankegodset som stod så sentralt i den etniske tradisjonen i denne perioden, finn me lite av hjå rasjonalisten Aasen. Samstundes er han svært oppteken av lange historiske liner og språk, seder og skikkar som kan knytast til den etniske tradisjonen.



Teaterslaget i Det „norske“ teatret 6. oktober 1913.

Det hende at målstriden vart fysisk utkjempa i teatersalen. På midten av 1800-talet var Henrik Wergeland og seinare Bjørnstjerne Bjørnson med i teaterslag der striden stod om norske skodespelarar skulle avløysa dei danske. Det endelege gjennomslaget kom i 1860-åra. Striden gjekk inn i ein ny fase etter hundreårsskiftet då landsmålet vart teatermål. Det Norske Teatret opna i 1913 med Jeppe paa Bjerget i Arne Garborgs nynorske omsetjing og med kong Haakon og fleire regjeringsmedlemer til stades. Dei fyrste kveldane enda i pipekonserter og slagsmål mellom riksmålsungdom frå handelsgymnasa og nevenytig bondeungdom, og rapportane tyder på at dei siste gjekk av med sigeren. Skjemtebladet Hvepsen kommenterte tumultane med denne teikninga. (Arbeiderbevegelsens Arkiv og Bibliotek.)

Samstundes finn me ein heil del folkesuverenitetstenking og rasjonalisme som er meir typisk for den statsborgarlege tradisjonen.

Då er det viktigare at Aasen var med på å leggja grunnen for ein alternativ nasjonalisme med eit radikalt sosialt og demokratisk innhald som fekk verkeleg vind i segla dei siste tiåra av 1800-talet. Landsmålet vart ein del av ei breiare bygdenorsk kulturreising, som òg var knytt til reisinga av ein folkeleg daningstradisjon gjennom folkehøgskular og lærarseminar. Alt dette vart viktige ingrediensar i venstrenasjonalismen frå 1880 og utetter.

Samstundes spela Aasen ei dobbeltrolle og stod i ei vanskeleg mellomstilling, noko som var ein av grunnane til at han let vera å publisera dei mest opposisjonelle skriftstykka sine. Aasen utnytta og var heilt avhengig av det rådande ideologiske klimaet og dei embetsborgarlege institusjonane. Så sjølv om Aasen ikkje kan kallast nokon nasjonalromantikar, var nasjonalromantikken ein avgjerande føresetnad for at Aasen kunne utføra arbeidet han gjorde og få den eineståande posisjonen som språkforskar.

Norsk nasjonalisme korkje er eller har vore noko eintydig fenomen, og det me i dag reknar som «det norske» er forma gjennom ein lang, mangfelt og konfliktfylt prosess som aldri vil ta slutt. Her har Ivar Aasen ytt sitt tilskot, både til venstretradisjonen i norsk nasjonalisme, og fyrst og fremst til målstriden og tospråksituasjonen som held Aasen i live, over hundre år etter at han døydde.

Seip, Anne-Lise (1995): «Kunnskapen i nasjonens tjeneste: Dannelsesidealer og utdanningspolitikk i Norge 1830–70», i Høydal (red.): *Nasjon – region – profesjon. Vestlandsleraren 1840–1940*, Oslo

Smith, Anthony D. (1995): *The Ethnic Origins of Nations*, London

Try, Hans (1985): *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge. Forskningsoversyn og perspektiv*, Oslo

17. Oddmund Løkensgard Hoel: Ivar Aasen som opposisjonell nasjonalist

Ein finn her litteratur som det er vist til i teksten. Utdjuping og meir detaljerte tilvisingar er å finna i hovudoppgåva mi, *Nasjonalisme i norsk målstrid 1848–65*, KULTs skriftserie nr. 51, Noregs forskingsråd, Oslo 1996.

Apelseth, Arne (1991): *Tildriv og føresetnad for Ivar Aasen*, Volda

Apelseth, Arne (1996): *Mellom tradisjon og innovasjon. Utgangspunkta for Ivar Aasens tidelege målstrev*, hefte nr. 2, skrifter fra Ivar Aasen-året, Oslo

Høverstad, Torstein (1953): *Ole Vig. Ein norrøn uppsedar*, Hamar

Indrebø, Gustav (1951): *Norsk målsoga*, Bergen

Skjekkeland, Martin (1997): «Ivar Aasen i møte med talemålet på Agder», i: Arnold Dalen (red.): *Granskning av norsk mål i hundre år etter Ivar Aasen*, Trondheim, s. 105–19

Sommer, Eirik (1859): «Om Norske-Maalet og Upplysningsi», i: *Dølen*, 12. og 19.6.1859

Torp, Arne og Lars S. Vikør (1993): *Hovuddrag i norsk spåkhistorie*, Oslo

Walton, Stephen J. (1984): «Innleiding», i: *Om grunnlaget for norsk målreising*, Voss, s. 7–51

Walton, Stephen J. (1996): *Ivar Aasens kropp*, Oslo

Aasen, Ivar (1864): *Norsk Grammatik*, Kristiania

Aasen, Ivar (1911–12): *Skrifter i Samling I–III*, Kristiania og København

Aasen, Ivar (1957–60): *Brev og dagbøker I–III*, ved Reidar Djupedal, Oslo

18. Jostein Nerbøvik: Nasjonalismen innanfor og til venstre for Venstre

Bakken, Ove (1969): «Arne Dybfest, Fedraheimen og den norske anarkismen», *Syn og Segn*, Oslo

Dalhaug, Ole (1995): *Mål og meninger. Målreising og nasjonsdannelse 1877–1887*, Oslo

Lothe, Anders A. (1950): *Målreisingssoga i Sogn og Fjordane*, Stryn

Melle, Oddbjørn (1997): «Arbeidarpartistaten – sunnmørsk utakt», *Nytt Norsk Tidsskrift*, Oslo

Moe, Moltke (1914): «Det nationale gjennembrud og dets mænd», i: Gran, Gerh. (red.): *Nordmænd i det nittende aarhundrede II*, Kristiania

Mortensson-Egnund, Ivar (1897): *Fridom. Tidsskrift for sjølvhjelp og sjølvstyre*, Kristiania

Nerbøvik, Jostein (1994): «Den norske kulturnasjonalismen», i: Øystein Sørensen (red.):

Nasjonal identitet – et kunstprodukt, KULTs skriftserie nr. 30, Oslo